

Rundtur med flott utsikt og mektig natur i Skarvheimen



Turen er delvis skilta og merka!

Det hender du kjem til stader i denne verda du ikkje har lyst til å forlate. Vel, då er det godt det finns hytter!

Start i Toviki og følg god stig på vestsida av Mjølga. Etter om lag 1 km svingar stigen av frå Mjølga, oppover gjennom Klevaskardet (mot nord-vest). På toppen av Klevaskardet held stigen fram i småkuppert terreng til Store Klevavatnet. Langs sør-vest sida av Store Klevavatnet går stigen i ur fram til Klevahytta som ligg på dalskuldra ut mot Fødalen.

Klevahytta disponerast av Ål fjellstyre og vert leigd ut.

Ved Klevahytta er det fint å ta ein pause. Her får du eit mektig utsyn til både Klevavatnet, Fødalen/ Fødalsvatnet og Systrandfossen samtidig.

Følg DNT-stig vidare ned i Fødalen til lungsdalshytta. Dette er ei betjent DNT-hytte. Der kan du i sommarsesongen både helse på dyra, få servering av stølskost og overnatte.

Frå lungsdalshytta kan du bestille båtskyss til Toviki om du ikkje ynskjer å gå stigen langs vatnet attende. Turen kan ein sjølvsagt også gå motsatt veg.



For meir detaljert kart: Tur- og sykkelkart AI/Gol/Hemsedal 1:60 000 og Reineskarvet 1:50 000.



Frå Rv. 7, køyr mot Bergsjø, forbi vatnet Rødungen N og vidare langs vegen til Toviki (ca. 50 km frå Ål sentrum). Bomveg.



Parkeringsplass rett før brua over Mjølga i Toviki.



13 km rundtur. 1090 - 1280 moh.



Flott utsikt til Systrandfossen ved Klevahytta.



God stig, men delvis noko bratt. Langs Klevavatnet mykje stein. Turen er kun delvis skilta og merka.